

KVALIFIKASJONSOPPLEGG NM 2018- MRGL

Dei beste frå denne kvalifiseringa (pluss ein reserve) ihht NSG bestemt antal deltakarar frå fylket, dannar Møre og Romsdal sitt lag til Noregsmeisterskapen i Gjetarhund. (merk at fylket også i år stiller med 6 hunder til NM.)

Her er årets gjetarhundprøver som grunnlag for uttak til NM 2018:

- DP 26.08.2018 Nordmøre(Gule, publiserast nærare på www.mrgl.no)
- LP 1 22.09.2018 Haram(publiserast nærare på www.mrgl.no)
- LP 2 23.09.2018 Haram (publiserast nærare på www.mrgl.no)
- FM 06.10.2018 Vestre Sunnmøre (publiserast nærare på www.mrgl.no)
- DP 07.10.2018 Vestre Sunnmøre (publiserast nærare på www.mrgl.no)

Av totalt 5 gjetarhundprøver (lista ovanfor), tel dei tre (3) beste resultatata for kvar ekvipasje som grunnlag for uttak til årets NM (dei to dårlegaste resultatata, om ein går alle fem (5) uttaksprøvene, vert strokne frå den endelege beregninga).

Poengfordelingsskalaen som vist nedanfor vert nytta. Ekvipasjane sine poeng etter plassering i dei enkelte prøvene vert summert saman og publisert gjennom www.mrgl.no etter kvart som prøvene vert heldne.

Poengfordeling	
DP/ FM /LP	
1 plass	15 p.
2 plass	12 p.
3 plass	10 p.
4 plass	9 p.
5 plass	8 p.
6 plass	7 p.
7 plass	6 p.
8 plass	5 p.
9 plass	4 p.
10 plass	3 p.
11 plass	2 p.
12 plass	1 p.

Ved poenglikheit går den med beste plassering(ar) framom.

Poeng vert gjevne etter oppnådd innbyrdes plassering av ekvipasjane (innan fylket) i samtlege uttaksprøver.

MERK:

- **Samtlege som deltek i gjetarhundprøver i regi av NSG, skal løyse medlemskap i NSG.**
- **Fylkesmeisterskapet tel IKKJE dobbelt i poengberekninga**
- **Fylkesmeister er direkte kvalifisert til NM.**
- **Ingen prøvehund som skal gå kvalifiseringsprøve, skal gå på bane nytta til uttaksprøve, minimum ei veke før prøva .**

Viser elles til NSG sine «Regler for gjetarhundprøver» som ein finn under www.nsg.no/gjeterhund og «Uttaksreglement - MRGL» som ein finn på www.mrgl.no under fana «Organisering» og vidare undermeny – «Reglement»